

Koronakafe i Gamleskulen tysdag 13. oktober kl. 11 - 14.

10.10.2020



Velkomne til koronakafe i Gamleskulen, tysdag i neste veke.

Fleire har sagt at dei saknar tysdagsturane på Tiaren. Uskedal helselag vil gjerne bøta litt på saknet. I samarbeid med Nasjonalforeningen for folkehelsen har laget fått stønad frå DAM til gratis sosialt treff. Uskedal helselag er svært glad for å kunna be inn eldre og einslege til kaffistund i Gamleskulen, fyrste gong tysdag 13.10.20 mellom kl. 11.00 og 14.00. De får kaffi eller te og noko å bita i.

Som alt anna måtte Tiaren stengja då koronaen kom inn over landet. Dessverre let det seg ikkje gjera å opna Tiaren på vanlege vilkår slik stoda er no. Kjøkenet er for lite til at 3 stykke kan arbeida der og samstundes halda rett avstand. Dei fleste som driv dugnaden er også i ei utsett gruppe ut frå alder. Ein skal heller ikkje handsama pengar.

Kommunelækjaren er positiv. Sjølv sagt må vi fylgja smittevernet. Handsprit er på plass og avstand er målt ut. Det vert småbord med 2 på kvart bord - dersom ein ikkje høyrer til same husstand eller kohort, nyordet for dei som har dagleg omgang med kvarandre. Plassane som ikkje skal brukast er markert på borda.

Det er plass til 24 stykke om gongen. Det vil venteleg regulera seg med at nokre kjem tidleg og går omlag når turgruppa kjem inn. Ein må registrera gjestene med namn og telefonnummer. Leiar for helselaget vil ta vare på lista i 14 dagar før den vert makulert. Ein får ikkje forsyna seg sjølv.

Det vert så likt Tiaren som råd er. Uskedal helselag håpar at mange finn vegen innom. Vel møtt.

Tekst: Eli Roseth Eik

Foto/nett: Kristian Bringedal



Tiltaket vert støtta med tilskot frå DAM stiftelsen.